



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 2, 60. ÅRGANG, 2021



KONFIRMANTAR 2021

Foran frå venstre: Heidi Anette Snortheimsmoen Hauge, Nora Hansine Sveen Lundgård, Andrine Hovdenakk Hagali, Emma Terese Thon, Maria Elisabeth Nordberg, Jørgen Skrindsrud Nordaas

2 rekke: Eskil Hedalen Skaret, Ingvild Robøle, Magnus Hesjadalen Linn, Eivind Skoglund Rogne, Anne-Cecilia Bruland Myrvang, Erik André Bergli Dørre, Eskil Nøbben Trandokken, Josefine Skjønnhaug, Natalie Regine Lien, Katrine Kolbjørnshus Rogne

Bak: Eli Vatn (sokneprest), Henning Presthegge Mork, Shaban Nordli Holden, Ole Hedalen Stølen, Ola Thon Rogne, Andris Løseth Nordtorp, Thomas Alexander Garvik, Jonny-Alexander Nerstad, Ole Alexander Røgden Lykken Melby, Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum (medhjelper).

PÅ KYRKJEVET

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og
Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

Lay-out: designsaskia.no

Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:
Tirsdag 24. august 2021

Framside: Konfirmantar 2021

Foto: Fotograf Christine Stokkebryn



SOKNEPRESTEN HAR ORDET

*Vi skal møtes når dette er over,
ved et bord i en smekkfull kafé,
i en kirke, i midtgangens vrimmel
mot Guds alter og det som skal skje.
Vi skal feire og syng og le.*

*Vi skal gi til hverandre et løfte,
at vi møtes når veien er gått.
Når det mørke og vonde er bak oss,
når den prøven vi fikk, er bestått,
skal vi dele det svar vi har fått.*

*Men alt nå vet vi svaret, vi vet det.
Det å elske hverandre er alt,
bære byrder når en har for mye,
holde opp når noen har falt.
Til å elske, til det er vi kalt.*

Hans-Olav Mørk 2020

Hans Olav Mørk skreiv dette da koronasituasjonen var ganske ny. Eg deler det no i tru på at no gjeld det berre å halde ut det siste stykket, dele håpet.

Takk for at de er så fleksible har fleire konfirmantforeldre sagt oss. Eg har svara, ja vi er fleksible, og vi har lagt mykje i å kunne få born døypte, unge konfirmert. Vi tek etter kvart imot dei som har utsett sitt giftamål, og sjølvsagt vert våre døde

Vi lengtar etter vidopne dører! Foto: Eli Vatn



ført til grava også av kyrkja. Mange gonger har vi og takka kvarandre i stab og råd for å vera fleksible.

Men noko har lidd. Vi har foran- dra gudstenesteliste, dåps- og vigstelsbestillingar; så vi blar i n'te versjon av gudstenestelista og lurer på om vi har eit snev av Alzheimer. Men vi held motet oppe og er glade for tilgjeving og den rause tabbekvota.

Det som har lidd verst er dørene. Dei er ikkje laga for å stenge ute, for å stå med telleskjema og seie «så mange og ikkje fleire». Det stirr mot heile kyrkja sin eigenart å ikkje halde dørene vidopne. Diakonisamlingar, salmekvelder, babysong, Den gylne time og det alminnelege gudstenestefellesskap har og lidd.

Mange gudstenester har vorte avlyste, eller prioritert bort til fordel for lukka gudstenester der vi kunne ta imot dåp! No lengtar eg etter vrimmel i midtgangen og pur glede over det! Det er dit vi vil!

Heldigvis er naturen enda opnare enn kyrkjene så vi får ein formak på dei opne dørene under Guds frie himmel på stølsmessene i sumar. Vi sjääast!

- Eli



Jorden – vårt hjem.

AV: LEIF GUNNAR ENGEDAL

FOTO: SAKSA FRÅ MF SI HEIMESIDE

Leif Gunnar Engedal er professor em. i religionspsykologi/sjelesorg ved Menighetsfakultetet. Han har saman med familien hatt hytte øvst i Volbu i mange år. No har han også vore med på å kurse prestane i Valdres i «grønn kirke». Han er tidlegare presentert her i bladet etter å ha vore med oss på eit diakonitreff. Vi takkar for at han denne gongen bidreg med andakten.

Vår slekt har sett noe som ingen andre slekter i klodens lange historie har sett: Bildet av jordkloden sett utenfra. Fantastiske fotografier av vår vakre jord – «den tindrende blå diamanten» - som svever lydløst over universets avgrunner.

Astronautene som først så dette synet formidlet sterke inntrykk: De ble grepert. Sterke følelser. Noen snakket om «hjemlengsel». Å se vårt felles hjem utenfra. Å vite at denne strålende kloden syder og bobler av liv. Et finstamt og robust samspill i alle hav og på alle kontinenter. Ikke rart de kjente hjemlengsel.

De ble fylt av ærefrykt og takknemlighet. Men også av ettertenksamhet og uro. Hvorfor? Fordi de så det vi alle vet: At den «store» kloden er en liten og sårbar jord. At alt som lever og ånder og spirer og gror, deler det samme sårbare livsrommet: Menneske sammen med medmenneske, menneske sammen med naturen. Vi er vevd sammen i et stort stykke. Den store livsveven er vårt felles hjem.

Om denne store livsveven bekjenner vår kristne tro: Alt som lever har sitt liv fra Gud. Sammen med hele skaperverket mottar Adam og Eva liv fra Gud. Livets kilde er altså ikke i våre hender. Livet er gave fra Gud. Alt levende hviler i den treenige Guds skaperhånd. Det

er «i ham vi lever, beveger oss og er til» (Apg17,28; Joh 1,3).

Det er kirkens kall å holde denne visjonen av Livets Gud levende. Forkynnelsen må aldri slutte å male bildet av den treenige Guds omsorg for alt som lever. Menneskeverd og naturverd hører uløselig sammen. Derfor kan aldri den menighet som tror på Gud og bekjenner Hans navn slutte fred med de krefter som vil rane og ødeleggje skaperverket. Vår nærsynte grådighet skal ikke ødeleggje det Gud har gitt oss som gave. Økologiske kriser og truende miljø-ødeleggelser ærer ikke Hans navn som har gitt oss jorden som hjem.

Vi er kalt til å dyrke og vokte skaperverket. Forvalte det med innsikt og klokskap slik at generasjoner som kommer etter oss fortsatt kan ha et godt hjem på jorden. Derfor er «grønn diakoni» så viktig, også her hos oss. Derfor er det verd å satse på «grønn menighet». Derfor er det viktig å strekke seg mot «en grønn praksis» - både i alle våre private valg og i samfunnets store prioriteringer. Kan menigheten også bli et sted der dette engasjementet lever og får vokse?

Utsikt frå hytta øvst i Volbu. Foto: Leif Gunnar Engedal



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang , Bygdinvegen 1989,
2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

DAGLEG LEIAR:	Ove Ekerbakke	61 35 25 76
SOKNEPREST/FJELLPREST:	Eli Vatn	991 29 976
PROST:	Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR:	Oddveig Holdal Weeg	61 35 25 78
KYRKJEGARDSARBEIDAR:	Jon Gunnar Solhaug	61 35 25 80
KYRKJEMUSIKAR:	Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR:	Marianne Straum	

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE VIPPS: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjeterar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE VIPPS: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjeterar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

LIDAR KYRKJE VIPPS: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjeterar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE VIPPS: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjeterar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Eli Døvresødegård Skattebu

VVerdivandrings med Kathrin Hofmann Aslaksby

TEKST OG FOTO: ELI VATN



Kathrin Hofmann Aslaksby – utdanna naturforvaltar og feltbiolog, i dag naturveileder, geitebonde og budeie på Olestølen.

Thomas og Kathrin driv garden Nørrestogo økologisk og reiser på stølen med geiter, hestar, ender og kattar 3 månader kvar sommar. Her forvandlar geitene fjellurter og gras til næringsrik mjølk og ost – med litt hjelp av budeia.

Både og!



Det er i travlaste tida, med kjeing, dysting og våronn som ventar, men Kathrin ser seg likevel tid til ei verdavandring med meg. Ho tek imot meg på tunet i Nørrestogo. Her er mykje av verdi, og mange aktive verdival som syner seg langs ruta ho har lagt opp for oss. Fyrste stopp er «fødestogo» i geitefjøset. Her får dei drektige mødrene ro på seg både før, under og nokre dagar etter fødselen. Mohair-killingane får gå saman med mor si heile sommaren, mjølkegeitene berre i åtte veker, men det er mykje meir enn eg trudde var vanleg for mjølkegeiter. Det gir mor og killing høve til å knyte band som held livet ut. Ein kan ofte sjå fleire generasjonar ligge tett saman når dei så får koma saman att.

Kathrin fortel om ei omhyggeleg oppbygging over fleire år, både av besetninga, låven og drifta av garden elles. Vi følgjer goto opp langs det som før var skog og som er i ferd med å bli beitemark, vidare langs småkogen som gjennom «juletretaking» vart rydda, ga mange juletre og no er blitt slåttemark. Skattar er funne i prosessen; ei kol-grop, og jernhaldig jord gir grunnlag for bygging av jernblestre, demonstrasjonskurs i jernutvinning og formidling av samanhengen med tidligare tiders drift og livsmåtar. Eg undrar meg over kva ein kan leve av når ein byggjer opp, eller restaurerer ein gard på denne sakte måten? Kathrin bekreftar at det har kravd andre inntektskjelder i oppbyggingsfasen, men

at det vesle småbruket med foredling av all geitemjølka og skimakarkurs no gir arbeid for 2 personar – og vel så det. Vi er og samde om at store investeringar krev større produktivitet, det er ein fornuftig økonomi i dette verdivalen også. Og at det kan gje betre nattesøvn. - Ja det viser mange aktive verdival langs denne vegen.

Vi nærmar oss den store skatten, ein av grunnane til at dei for 15 år sidan kjøpte garden, og målet for rundturen vår, husmannsplassane.

I ei slåttheiling ligg ruinar etter to husmannsplassar. Den nedre med spanande historie om sykkelreparatør og skomakar Nils T Dalen som budde og levde der. No er berre ruinane att, og slåtteenga er rydda slik at vi igjen kan sjå Skaget og Skogo. Det er restaurert slik at enga er full av forskjellige vekstar sumars tid. Her blir det slått med ljå og tohjuling eller med slåmaskin som skjær graset- gjerne på ei slåttesamling. Og alt graset blir berga med hesjing eller bakketørke. På dette viset vert jorda verande næringsfattig nok til å bevare mangfaldet av planter og insekt, og slik at ikkje berre dei vekstene som krev mykje næring får vekstvilkår.

Eg må fortelje om gemalens plenestrategi: blomsterenger som blir slegne eit par gonger om sumaren. Han plar skryte av at dette høyet luktar så godt og har ein spesiell næringsverdi.

- Men det er vel berre romantikk - seier eg, litt skeptisk.

- Nei det er ikkje romantikk, det er sansing. Vi gir sansane altfor lite merksemad. Eg plar kalle dette høyet medisinfor, fortel Kathrin.

- Medisin for enga eller for dyra, undrar eg.

- For begge. Det er mykje meir variert næringsinnhald i dette høyet enn det ein får frå reine monokulturåkrar. Eg gir alltid dette høyet til dyr som skrantar litt eller er sjuke.

- Vi skulle stole meir på sansane, held Kathrin fram. Til dømes tør ein ofte ikkje stole på lukt- og smakssansen når ein skal vurdere om maten er blitt for gamal.

- Hm, tenkjer presten. Pinsa står for døra; Andens høgtid; luktesansens høgtid kanskje? Kanskje god lukt rett og slett er helsebringande? Det gir lungene noko som gjer at vi pustar litt friare, litt djupare. Eg fekk litt inspirasjon til pinspreika der ja. Takk.

Det er ikkje til å unngå at vi kjem inn på tema som bærekraft, å ta vare på naturen og politikk. Landbruket er jo blitt verstingen i mange sine auge. Å gå der i skogen, kjenne den friske lufta, sjå geitene som får die lenge, drøyme om dei vakre blomeengene og det velluktande høyet, får meg til å tenke at dette skulle fleire drive med – det ville vera godt både for sjela, kroppen og planeten. Men sjølv om det er eit aktivt verdival bak måten Kathrin og Thomas driv garden sin, så er Kathrin tydeleg på

BÅDE OG. Alle kan ikkje drive som dei, utan naboen hjelpe med gravmaskinen og kunnskap om dyrking av jorda, kunne ikkje dei fått til alt dei har fått til. Ho vil ha mangfold i driftsmåtar også, og mangt berekraftig vart sagt om å utnytte stølsbeita og fjellbeite.

Det er frigjorande å høyre. Eg er sjølv vaksen opp med «Fremtiden i våre hender» som i snart 50 år har spådd verdens undergang i min barndoms heim. Eg trur dei har mykje for seg, og det skal seiast at det har gitt stort natur-engasjement i familien min. Men likevel er det så godt å sjå «det gode livet» ved bærekraftig drift. Eg tek meg av og til i å lure på om det har stor nok verknad, dufta av blomehøyet, den varme kjensla av kje som får die mor si.... Verkar det godt nok, høyrer folk dette? Let dei seg merke av slike varme røyster? Mangfold gjeld kan hende her og: vi treng dei moralske peikefingrane, dei som manar til omvending, dei med «lysta til det onde i vårt hjarte» som fokus, men vi treng og dei erfaringane, opplevingane som bekreftar og vekkjer «lysta til det gode i vårt hjarte!»

Vi nærmar oss husa att, går forbi fotballbanen som ber preg av at gutane er vakse til, og vi kjem til grønsakshagen og «domen» – eit halvsirkelforma drivhus der tomatplantene snart får plassen sin. Kathrin tek meg med inn. Eg veit ikkje om det er for å trøyste meg som lurer på om røysta som kallar på «lysta til det gode» høyres godt nok, men ho ber meg stå midt i domen og seie noko. Og då: den spede stemma stig til ei kraftig klangfull stemme. Kan det rett og slett handle om å finne plassen SIN, der ein fell på plass i det som er mi oppgåve, mitt bidrag – og så tørre å stole på at det er i ein heilskap som gir stor kraft til eins vesle røyst?

Med oppløfta og varmt hjarte forlet eg Nørrestogo.



vakse til, og vi kjem til grønsakshagen og «domen» – eit halvsirkelforma drivhus der tomatplantene snart får plassen sin. Kathrin tek meg med inn. Eg veit ikkje om det er for å trøyste meg som lurer på om røysta som kallar på «lysta til det gode» høyres godt nok, men ho ber meg stå midt i domen og seie noko. Og då: den spede stemma stig til ei kraftig klangfull stemme. Kan det rett og slett handle om å finne plassen SIN, der ein fell på plass i det som er mi oppgåve, mitt bidrag – og så tørre å stole på at det er i ein heilskap som gir stor kraft til eins vesle røyst?

MIN SALME



Bridge over Troubled Water

For lenge sidan gjekk eg på realskulen på Fagernes. Der var det både gymnas og realskule på same plassen, så det var stor aldersforskjell på dei yngste og dei eldste. Vi som då var heilt ferske, syntes dei store gutane på gymnaset var både store og litt skumle.

Ein dag var heile skulen på fjelltur, og eg gjekk saman med nokre jenter frå klassen. Så kom vi til ei lita elv vi skulle koma oss over. Rett før denne høyrdie vi nokon song frå full hals «Bridge over Troubled Water», og der sat nokre av dei eldste gutane frå gymnaset. Då vi småjentene kom, laga dei ei lenke og hjalp oss over, godt akkompajert av denne flotte sangen.

Denne sangen med så fin tekstu har fulgt meg gjennom livet; og eg har mang ein gong funne trøyst i både orda og musikken.

When you're weary, feeling small,	When you're down and out	Sail on, silvergirl
When tears are in your eyes	When you're on the street	Sail on by
I will dry them all	When evening falls so hard	Your time has come to shine
I'm on your side	I will comfort you	All your dreams are on their way
When times get rough	I'll take your part	See how they shine
And friends just can't be found	When darkness comes	If you need a friend
Like a bridge over troubled water	And pain is all around	I'm sailing right behind
I will lay me down	Like a bridge over troubled water	Like a bridge over troubled water
Like a bridge over troubled water	I will lay me down	I will ease your mind
I will lay me down	Like a bridge over troubled water	Like a bridge over troubled water
	I will lay me down	I will ease your mind

Liv Astrid Reinlie

Tekst: © Paul Simon

Utdeling av



Rogne kyrkje:
Utdeling av 4-årsbok i Røgne kyrkje, 25. april 2021 for 4 åringane i Volbu og Røgne sokn.

Dei som fekk bok er frå venstre:
Synne Rosén Martinsen, Iver Hegge Blomlie, Olav Nordsveen Myrvold, Edith Rabben Lundby og Tilja Bergene Klevar.

Foto: Petra Janne Kristine Nybråten



Lidar kyrkje:
Utdeling av 4-årsbok i Lidar kyrkje, 2. mai 2021 for 4 åringane i Hegge og Lidar sokn.

Dei som fekk bok frå venstre fyrste rad:
Lea Abelsen Nordtorp, Lene Skrebergene, Amanda Alice Nilsen Skolte og Vinjar Robøle.

Andre rad frå venstre:
Andreas Fjellstad Lie, Elida Lien Sletten og Tobias Ekerbakke.

Tredje rad frå venstre: Anna Helle Schlyter, Oskar Hegge Hippe og Tobias Rudi-Gran.

Foto: Sissel Dahle Lie



HEILT FYRSTEKLASSES – UTDELING AV 6-ÅRS BOK!

Blir du 6 år i år?

Då får du ein eigen innbyding til gudstenesta den 22. august. Lidar kyrkje kl.11.00 for dei på Lidar skule og Røgne kyrkje kl. 13.00 for dei på Røgne skule.

Her vil du få utdelt 6 årsboka, ei bok om Bo og Nora, med både teikneseriar og bibelforteljingar. Me feiar din skulestart med ei heilt fyrsteklasses gudsteneste. Velkommen til deg!

Foreldre, besteforeldre og andre du vil ha med er sjølv sagt også velkomne!

Utdeling av biblar til 12 åringar.

AV: ELI VATN

Åtte 6. klassingar frå Lidar skule og 14 frå Røgne skule ville ha biblar.

Ein dag med vakker påkestemning arrangerer soknerådet i Lidar pølsegrilling og bibelake konkurranse i bakkane bak Lidar skule.

Ein soldag i mai troppa tolv 12-åringar opp i prestegarden i Volbu til pølsegrilling, bibelquiz og bibelske opplevingar på veg opp til kyrkja for å ta imot bibelen.

Vaksne i råd og stab stilte både stader, vi kosa oss, det var stor stemning og finke 12-åringar!



Kven song for gjetarane den aller første julekvelden.



Kor høgt kan ein bygge Babels tår i fyristikker på eitt minutt.



Bibelake konkurranse i bakkane bak Lidar skule.



Vinnarlaget.

Visste du at det er ein hemmeleg stig opp til Volbu kyrkje.
Legg kamera over QR koda og finn stigen.





til denne trivelege stunda, men me som var der fekk også med oss årsmøtet for Rogne sokn. Det er ein flott gjeng som sit ved roret i soknerådet no. Dei er ivrige og har mange idear om arbeid og verksemd i kyrkjegard og kyrkjestogo vår! Lykke til!

Ja, så var det veret då? Det merkelege var at det kom ikkje ein regndroppe medan me held på ute, ikkje vind ein gong, men då eg kom ut frå kyrkjestogo etter møtet og kaffistunda, lava snøen med,- og dagen etter var heile bygda vinterkledd!

Godt frammøte på dugnaden.



Dugnaden på Rogne kyrkjegard 3. mai.

TEKST: MARTHA VIKEN

FOTO: ELI DØVRESØDEGÅRD SKATTEBU

Yr spådde denne måndagen både regn og snø, særleg etter kl. 18.00, akkurat då dugnaden skulle ta til. Ja, dette blir «triveleg» tenkte eg på veg til kyrkja,- regnet byrja allerede!

Ved kyrkja var det full verksemd, masse bilar og folk i full sving. Innkomen på kyrkjegarden vart eg gledeleg overraska for her hadde det nok drive nokon på dagtid, mest heile sørre kyrkjegarden var ferdig raka! Men Rogne kyrkjegard er stor så det var nok arbeid att til oss som kom no.

Dugnad er alltid triveleg, og særleg no i corona tida,- triveleg var det å slå av ein liten prat og raka i lag med kjenningar ein ikkje hadde sett på lenge.

Eg har vore på mange kyrkjegards-dugnader gjennom åra, og det er alltid moro å sjå at så mange kjem og er så ivrige i å gjera det fint og ryddig rundt kyrkja vår!!

Eg hugsar og at skuleborna ved Rogne skule i mange år hadde gjort ein god innsats,- gjerne på formiddagen. Eg trur likevel at det var nesten rekord med frammøtte denne gongen, rundt tretti stykker. Traktor og ivrige karar fjerna lauvhaugane me damene hadde raka saman. Ein stor konteiner var stappfull då heile gjengen vart bedne inn i kyrkjestogo til kaffe, drikke og herlege kaker! Dessverre var det ikkje så mange som tok seg tid

Lauvfangsten på plass i traktorskuffa!

Brannøving i Hegge kyrkje 20. april.

TEKST OG FOTO: OVE EKERBAKKE

God brannsikring er særskilt viktig i alle kyrkjene i Øystre Slidre. Fellesrådet har stor fokus på dette i kvardagen og arbeider mykje med det. Og det er ei stor nytte at alle som er i kyrkjene har god kjennskap til rutinene vi har ved brann.

Difor kalte vi inn alle tilsette i fellesrådet til brannøving i Hegge kyrkje. Soknerådsleiarane var inviterte og konfirmantar

var også med. Der øvde vi på bruk av branntepper og korleis ein skal forlate kyrkja ved brann. Prosten og organisten fekk også trena på gå ned frå galleriet i stige.

Etterpå fekk vi gode råd og demonstrasjon frå brannvesenet om bruk av brannslukningsapparat.

Til slutt fekk alle lov til å prøve seg med



brannsløkningsapparat på ekte ild.

Etter dette føler vi at vi er endå betre rusta til å takle ein eventuell brann.





ALTARTAVLER

AV: SOLVEIG SANDBERG



Altartavl i Hegge kyrkje. Foto: Saskia Aleida Van Veen

Altartavl i Hegge kyrkje

På ein husmannsplass i Heidal budde han som laga altartavl i Hegge kyrkje. Namnet hans var Estin Guttormsen Kjørrn og han var fødd om lag år 1727. I hans levetid kom det opp nye kyrkjer i fleire av bygdene i Gudbrandsdalen. Treskjærarhandverket sto sterkt i dalen og det var naturleg for bygdekunstnarane å nytta dette til utforming av inventar i dei nye kyrkjene.

Som dei eldre lærermestarane, laga Kjørrn altartavler i ein stil typisk for si tid med fokus på hendingane i den kristne påska. Det var ikkje utan grunn, for påska står sentralt i kyrkja si forståing av kristendomen.

Rundt år 1780 var Estin Kjørrn i gang med å laga altartavl som har gleda folk i Hegge i snart 250 år. Tavla består av fire bildefelt med utskorne figurar som formidlar hendingar frå Jesu siste dagar. Dei utskorne figurane har uttrykksfulle ansikt og er måla i avstemte rauda og grøne fargar.

Hovedbildet nedst viser nattverden. På kvar side av det sentrale temaet står dei to brørne, Moses

og Aron. Moses med steintavlene med dei ti boda og ypperstepresten Aron med røykjelse.

Over dette partiet syner tavla to scener. I den eine ser vi Jesus og disiplane i hagen Getsemane medan den andre har ei framstilling av den nedverding og bespotting Jesus vart utsett for framfor Pontius Pilatus. Kjørrn har til og med fått med folkehopen som var vitne til det heile. På kvar si side av desse scenene står historielarjarane Markus og Johannes med dyresymbola deira. Markus med løva og Johannes med oksen.

Neste trinn viser at: "Jesus Kaarsfesstes Mellem to Røvere" som Kjørrn sjølv har uttrykt det i tek-

sten han måla under scenebildet. Her står evangelistane Matteus og Johannes på kvar si side.

Øvst på altartavla tronar den oppstadne og sigrande Kristus. Han held ein fane som teikn på at han har sigra og vunne over døden. Kula med korset som han held i høgre handa, tyder at han er herre over heile jorda.

Tavla er vakkert innramma med stilfulle gjennomskorner akantusrankar i grønt, raudt, sølv og gull. Listverket mellom bildefelta har Kjørrn måla i oker og djupgrønt, medan han har brukt ei djup grågrøn farge i bakgrunnen i bildefelta.

Denne altartavla var langt frå den fyrste Kjørrn skar ut. I 1758 fornya han ei gamal altartavle i Vågå og først i 1760-åra laga han både tavle og anna til Kvinkne kyrkje i Skåbu. Rundt 1770 laga han altartavle til Svatsum kyrkje i Vestre Gausdal og tok utfordinga seks år seinare med å fornye ei tavle i Kvam kyrkje. Også i Sel kyrkje lyser ei altartavle frå hans «verkstad» mot kyrkegiengarane. Som vi skjørnar, hadde han lang erfaring då han sette seg ned med tavla vår.

Ikkje rart at dei fire fekarane frå Hegge vart begeistra og gjerne gav han dei 65 riksdalar han ville ha i betaling. Med klenodiet på ein skikkelke kom Ola Sveinsson Hegge og brørne Gudbrand, Erik og Ole Gudbrandson Melby med gåva til Hegge kyrkje. På ferda over fjellet datt ein av figurane av lasset. Judas vart seinare attfunnen, men som presten sa, har han fått ha si bleike farge.

I 1973 laga kunstnaren Øystein K. Rudi nye kopiar av dei fire figurane som hadde vorte stolne året før. Dei var så nøyaktig laga at ein ekspert frå Riksantikvaren hadde problem med å skilje dei frå Kjørrn sitt handverk.

Trefelling

TEKST: OVE EKERBAKKE FOTO: ELI VATN

Sist i april vart dei store bjørkene på kyrkjegarden i Rogne skorne ned. Dei som sto for arbeidet var kyrkjeketnarane Svein Erik Rogne og Jon Gunnar Solhaug saman med Morten Gunhildgard. Dei skar ned og rydda vekk i alt fem bjørker.

Det er nok mange meininger om at desse trea vart skorne ned, men fleire av dei var rotne og utgjorde ein fare for både kyrkja og gravsteinar på kyrkjegarden. I tillegg dekte dei for mykje lys og saug vatn og kraft ut or jorda.

No som dei er borte har vi fått ein mykje opnare og lysare kyrkjegard og det vi planter på gravene vil få betre vekstvilkår.



GULLKONFIRMANTMARKERINGA

vert i år den 26. september i Hegge kyrkje kl.11.00. Etter messa er det middag og festleg samvær i Hegge kyrkestogo. Alle som vart konfirmerte i Hegge kyrkje 20. juni 1971 får eige innbyding med påmelding.

MARKERING AV 22. JULI 2021

22. juli i 2021 er det 10 år sidan vi opplevde det verste angrep på fridom og fred som vi har opplevd i fredstid. Kl. 12 vil kyrkjeklokken ringe i alle kyrkjene i kommunen som i landet ellers for å dele sorga med dei som vart ramma og varsle om farene ved slike angrep på demokratiet og våre grunnleggjande verdier. Følg med; om det vert ytterlegare markeringar vert det annonsert i avis og på kyrkja si heimeside og Facebook.

TIL DEG SOM GÅR I 9 KLASSE – HAR DU TENKT PÅ KONFIRMASJON?

Innskriving i Rogne kyrkje 24. august 2021 kl. 19.00. Alle ungdom er velkomne som konfirmantar, dei som ikkje er døypt må døypast før sjølv konfirmasjonen. Konfirmasjonsdatoar våren 2022 er 5. juni Volbu og Rogne. 12. juni Lidar og Hegge. Velkomne til møte i Rogne kyrkje.

29. august kl. 10.00 er det gudsteneste Volbu kyrkje og Piligrimsvandring frå Volbu, langs Vindeåne til Hegge kyrkje med Gudsteneste der kl. 17.00. Turen er for konfirmantar, føresette, fadrar og andre som vil vara med.



KYRKJELEGE HANDLINGAR FEBRUAR 2020 - MAI 2021

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE	HEGGE SOKN
Astri Grobakken	Ragnhild Moen
Bjørg Fjellun	Nils Hegge

LIDAR KYRKJE	
Tom Ottesen	
Randi Bakke	
Anne Marie Okshovd	

DÅP

LIDAR KYRKJE	ROGNE KYRKJE
Ella Eckhoff-Brager	Ingeborg Myrvold Hummlevoll
	Johan Klevgård Hovi
	Hanna Kristine Onstein

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Covid-19:

Kyrkja følger gjeldande retningslinjer og tiltak for arrangement. Avlysingar eller endringar på den oppsette lista kan førekommme. Følg med i avis Valdres og på nettsidene til kyrkja.

Juli

04 07 2021 HEGGE KYRKJE KL. 11.00.
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn.
Dåp.

25 07 2021 VOLBU SOKN KL. 12.00.
Stølsmesse på Rensendstølen
hjå Ingunn Warberg og Magne Vestheim
ved sokneprest Eli Vatn.
Kyrkjekaffe.

August

01 08 2021 LIDAR SOKN KL. 12.00.
Stølsmesse på Lykkjestølen hjå Anders Skrebergene ved prost Carl Philip Weisser. Kyrkjekaffe.

08 08 2021 ROGNE SOKN KL. 12.00.
Stølsmesse på Kristensonlægeret
hjå Tor Skattebo ved sokneprest Eli Vatn. Kyrkjekaffe.

15 08 2021 HEGGE SOKN KL. 12.00.
Stølsmesse på Glåmstølen hjå Monja Dalen Skjerstein ved sokneprest Eli Vatn.
Kl.10.00 pilegrimsvandring. Kyrkjekaffe.

22 08 2021 LIDAR KYRKJE KL. 11.00.
Gudsteneste. «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» 6 årsbok til 6 åringane Lidar skule ved prost Carl Philip Weisser.

22 08 2021 ROGNE KYRKJE KL. 13.00.
Gudsteneste. «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» 6 årsbok til 6 åringane Rogne skule ved prost Carl Philip Weisser.

Salme til konfirmantane:

Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag. Gud lat den samferd vara alt til min døyand dag!

Det er min høgste æra det er mi største ros hans fylgesvein å vera og vandra i hans ljos.

29 08 2021 VOLBU KYRKJE KL. 10.00.
Utsendingsgudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Pilegrimsvandring med konfirmantane til HEGGE KYRKJE kl. 17.00.
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

September

05 09 2021 LIDAR KYRKJE KL. 10.30.
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn.

05 09 2021 HEGGE KYRKJE KL. 12.30.
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn.

11 09 2021 ROGNE KYRKJE KL. 11.00.
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

12 09 2021 VOLBU KYRKJE KL. 10.30.
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn.

12 09 2021 ROGNE KYRKJE KL. 12.30.
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn.

26 09 2021 HEGGE KYRKJE KL. 11.00.
Gudsteneste gullkonfirmanttreff ved sokneprest Eli Vatn.

26 09 2021 ØYSTRE SLIDRE HELSETUN KL. 16.30 Stølsmesse ved prost Carl Philip Weisser.

Oktober

03 10 2021 VOLBU KYRKJE KL. 11.00.
Gudsteneste. Tårnagent ved sokneprest Eli Vatn.

10 10 2021 LIDAR KYRKJE KL. 11.00.
Gudsteneste. Tårnagent ved sokneprest Eli Vatn.

FULLDISTRIBUSJON

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.
[/Kyrkja-i-Øystre-Slidre](https://www.facebook.com/Kyrkja-i-Oystre-Slidre)

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

Babysong

Vi har fortsatt trua på at babysong skal ta til att, følg med på kyrkja si heimeside og Facebook.

Den plar vere i Rogne kyrkestogo på nokre tysdagars i månaden kl. 11.00–13.00.

Følg med på kyrkja si heimeside og Facebook.

Babyar mellom null og eit år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

Salmesong/ Diakonitreff

Etterkvart vi blir fullvaksinerte set vi i gang att. Vi sender ut invitasjonar og håpar at dei som får beskjed er med på å gjera det kjent vidare.

Pusterom

I Volbu kyrkje held fram som før og vi har sett opp desse datoane:

13. september, 11. oktober, 8. november og 13. desember. Ope kyrkje i Volbu frå kl. 18.00.

Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

Den gylne time

Den gylne time er utsett på ube-
stempt tid, grunna covid-19 og stengt
Lyskapell.

Du til mi grein meg sette alt i min fyrste
vår, med livsens dogg meg vætte, gav
sol og signa år.

Du vil og vokster gjeva alt til min siste
slutt: Lat meg i deg få leva, i deg få
anda ut!

